

Heilt supert, NRK Super!

– Eg betaler NRK-lisens med glede!

AV. ANNE MARTA VINSRYGG VADSTEIN, NYNORSKSENTERET



Du tenker kanskje at det var ein merkeleg ting å seie. Eg skal fortelje deg kvifor. Kvar gong eg betaler lisensen, tenkjer eg at det gjer NRK Super i stand til å produsere mange ulike program. Dei lagar dokumentarseriar om born og viser mangfaldet i barnekulturen, dei tek borna på alvor, har «ekte folk» i tillegg til animasjonsfilmar og liknande, og ikkje minst har dei mange program med nynorsk tale og ulike dialekter.

NRK Super slår seg ikkje til ro med at programmet er underhaldande. Dei vil vere med på å spegle mangfaldet i samfunnet og å gjøre barn trygge på seg sjølv. Språket er ein viktig del av identitetsbygginga. Det som vert løfta fram og gitt merksemeld gir eit signal om kva som er viktig. Når NRK Super

brukar nynorsk, bokmål, dialekter og ulike andre språk, ser den vesle TV-sjåeren at «språket mitt er viktig». Ein som er trygg på at språket han/ho brukar er akseptert, nyttig og verdfullt, vil heller ikkje ha problem med å bruke det seinare. Det kokar eigentleg ned til å bli eit viktig demokratisk prinsipp: Gje barna god språkleg sjølvkjensle, slik at dei kan bruke språket sitt til å seie kva dei meiner.

Dei siste åra har NRK Super gjort ein stor innsats for å auke nynorskandelen for dei yngste sjåarane. Mange teiknefilmar vert dubba på nynorsk, det vert laga fleire norskproduserte seriar med nynorsk tale, og i fjor lanserte NRK Super-gjengen ein nynorsk julesong. Alt dette er heilt topp! Fleire seriar, filmar og songar med nynorsk tale gir

«Denne teksten vart først publisert på iver.nynorsksenteret.no»

fleire minutt med nynorsk språkstymulering. I tillegg er dei fleste seriane og filmane tilgjengelege på nettet lenge etter at dei vart viste på TV første gongen. Dette gjer det mogleg å bruke dei privat og i undervisingssamanheng når det måtte passe.

Språket vårt, både tale og skrift, vert påverka av det vi hører og les. Ingeborg Mjør har sagt det så fint: *Barn må få møte den nynorske skriftnormalen og det nynorske lydbiletet, slik dei kvar dag møter bokmål. Dei må få høyre ordformer som «eg», «dei», «heim», «hugse», «tenkje», «drøyme» osb. Dei yngste barna les ikkje sjølv enno. Dei møter nynorsk tekst gjennom øyra, og derfor er det så viktig at også barne-TV formidlar nynorsk tekst munnleg. Slik byggjer dei bru mellom den munnlege daglegtalen og skriftspråket barna skal lære på skulen.*

–

Eit variert tilbod av filmar og seriar, på både dialekt, bokmål og nynorsk, gjev barna verdiful språk-ballast og eit stort register. Så, i dag er det tid for å gje NRK Super ein blome og ein klapp på skuldra for godt språkarbeid. Ikke stopp no.

for deg som jobbar med barn
Kultur, språk og litteratur

www.pirion.no

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

@avasapirion

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvîne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

– Fantasien har godt av frileik

NRK Super-profil og lærar Christian Wik Gjerde er overtydd over at fantasien har godt av frileik. I vår debuterte han med barneboka *Jakta på firklooveren* ribba for både nettbrett og mobilar.



Illustrasjon
frå boka Jakta på
firklooveren



Christian Wiik Gjerde har du sikkert sett på NRK Super. No kjem han med barnebok. Foto: Christian Raabe/Samlaget

- Eg har fått mitt første fanbrev

Tidlegare NRK Super-profil og lærar Christian Wiik Gjerde er aktuell med si første bok.

AV ANDREA RYGG NØTTVEIT

— Eg har fått mitt første fanbrev — frå bokormen Anna (10). Eg vart så stolt at eg nesten byrja grine, smilar Christian Wiik Gjerde.

Han dreg fram ein knust mobiltelefon og les opp: «Jeg håper at du snart lager en lignende bok av denne typen.»

I desse dagar debuterer Barneskulelæraren, som tidlegare har jobba som journalist i NRK Super, som forfattar.

Det er skummelt å gje ut si første bok, men fleire ting peikar i riktig retning for debutanten. Allereie før lanseringa vart

boka bestilt i eit nytt opplag.

I tillegg er boka selt til Tyskland — der ho skal gjevast ut på det sjølvstendige forlaget Gerstenberg.

Motvillig moral

I debutromanen *Jakta på firklooveren* skildrar Wiik Gjerde eit lite øysamfunn der unge og gamle lever i skjønn harmoni — ikkje ulikt sin eigen oppvekst på Søre Sunnmøre.

Strikkejakke og fiseklubb

Framtida.no møter den spente debutanten på ein kafé i Torggata. Trestolen han

spelinga, for å leike med bestekameraten Jens på Gulløya. Her har dei grineklubb og badar med den gamle bestemorskikkelsen Gulla. Gutane gler seg til å få nye naboar, men når byguten Magnus kjem, endrar alt seg.

— Moralen i boka er at ein ikkje skal vere redd for alt det nye, forklarar Christian.

Seinare angrar han litt på at han sa dette med moral. Det er fint om lesaren sjølv klarer å finne moralen undervegs. Målet er først og fremst å glede lesaren — og så kan moralen kome i tillegg.

Fiskeklubb og strikkejakke

Framtida.no møter den spente debutanten på ein kafé i Torggata. Trestolen han

sit på minner om stolane dei hadde på skulen heime i den vesle bygda Tjørvåg i Herøy kommune.

Enkelte ting i boka er nesten teke rett ut av hans eigen barndom, som då bestemora prøvde brannetauet, då kameratane hadde fiseklubb og hovudpersonen Alvar, som spelar fele og konsekvent går i tøflar og strikkejakke — akkurat som forfattaren sjølv gjorde då han var yngre.

— Det var lett å skrive denne historia, fordi eg har brukte mykje av min eigen oppvekst med sjø, fjell og skog. Eg var veldig glad i å leike meg ute i naturen, men eg var ikkje like tøff som hovudpersonen, minnast 34-åringen.

Men når han tenkjer etter kjem det stadig fleire likheter.

— Han er jo ein veldig følelsesgut, og det er for så vidt eg med. Han er ein merkeleg karakter, men han er ganske snill, noko eg håpar at eg òg er.

At karakterane framstår som ekte og er lette å identifisere seg med, har vore noko av det viktigaste for forfattaren.

Ein Følsom antihelt

— Trur du at gutar møter varierte nok førebilete i barnelitteraturen?

— Det er eit godt spørsmål, som eg kanskje ikkje er rette personen til å svara på.

Christian dreg litt på det.

— Nei, kanskje ikkje.

Han har inntrykk av at gutekarakterane ofte er tøffe og barske. Eller så er dei typiske antiheltar, som går frå å vere den upopulære, men som endar opp med å bli helten. I tillegg ser han på det som svært positivt at det har kome fleire sterke jentekarakterar.

— Kanskje det er på tide at det kjem ein følelsesgut, som likevel er tøff. Han er jo tøffare enn desse machokompisane sine. Så er han veldig pysete på andre ting. Han speglar litt denne sårbare guten, som så gjerne vil, men ikkje alltid får det heilt til — som ikkje har heilt trua på seg sjølv. Eg trur det trengs meir enn berre superheltar, seier Christian.

— Det er jo det det handlar om — å finne helten i seg. Alvar er ein helt, sjølv om han går i tøflar og ikkje ser ut som ein. Han er kanskje ein følelseshelt?

Forfattaren merkar allereie at folk er oppteken av å setja boka inn i anten kategorien «jentebok», eller «gutebok». Sjølv håpar han

boka passar til — og vert lese av — begge kjønn.

Ungar no til dags

Christian har mykje erfaring med aldersgruppa han skriv for, både frå lærarjobben på mellomtrinnet og frå jobben som programleiar i Superblokka på NRK PI.

— Eg ler veldig mykje når eg jobbar med ungar. Men eg synest det er viktig å ta dei seriøst — ikkje le av dei, men le med dei. For dei har mykje fint å bidra med.

Ein ting han set spesielt stor pris på, er barns fantastiske fantasi, som han nesten er litt misunneleg på.

Han er overtydd over at fantasien har godt av frilek. Nettopp difor er han litt uroleg over utviklinga der ungar nyttar stadig meir tid framfor ein skjerm.

Gulløya er ribba for både nettrett og mobilar — noko som er eit medvite val frå forfattaren si side.

— Faren med å ta vekk mobil og nettrett at det ikkje vert moderne nok. Samstundes er det ikkje ei historie om nettrett og mobil. Det er ei historie om leik, fantasi og venskap, understrekar 34-åringen, som no fryktar han høyrest ut som ein gammal nostalgiar.

Dronning Lindgren

Som lærar har Christian inntrykk av at det står bra til med lesegleda i den oppvekande generasjonen, trass i at forskarar stadig vekk åtvarar om det motsette. Elevane hans har alltid ei bok tilgjengeleg, som dei les i dagleg.

— Ser du forskjell på kva gutar og jenter les?

— Det eg ser er at gutar ofte tyr til faktabøker. Guinness rekordbok er heilt utsliitt. Det er mykje fakta om universet, dyr og bilar. Jenter er kanskje meir skjønnlitterære lesarar. Men sjølv sagt er det mange gutar som les skjønnlitterært — då er det gjerne bøker som «Gutta i trehuset» og Harry Potter.

Sjølv slukte Christian bøkene om «Femgjengen» og har Astrid Lindgren som sitt største idol. Han elskar stemninga i bøkene hennar og nøler ikkje med å genierklære «dronninga».

Fleire Parr?

Og om du no sit og tenkjer at barndomsidyll frå Sunnmøre minner deg om ei anna barnebokdronning, så er du ikkje åleine.



Jakta på firklooveren
Christian Wiik Gjerde
Samlaget 2016

Ei bok som set kjenslene i sving

Det er sommarferie og skulefri. Alvar og Jens badar med Gulla, leitar etter firkloover, har klubbmøte i trehytta — ja, dei gjer alt det kjekke ein kan gjøre på ei øy uti havgapet. Men når ein ny gut flyttar til øya, blir det sjalusi, krangsel og forviklingar. Alvar må finne den vesle helten i seg, og det litt kjapt. Forfattar Christian Wiik Gjerde tar kjensler på alvor, og gjer dei til ein del av spenninga i boka. Boka er sjærmerande, morosam, spennande og rørande. Boka passar til høgtlesing for dei fleste aldrar, vil eg tru. Sjuåringen min blei heilt hektar på boka og håpar på meir. Det gjer eg òg.

Meldt av Svein Olav B. Langåker

Christian gjekk på skule saman med Maria Parr, som framleis er ei god venninne.

— Eg forstår at folk kan samanlikna oss, noko eg tek som eit stort kompliment. Det har nok litt med oppveksten, at me har liknande interesser og at me begge har barnet godt planta i oss. Likevel håpar eg at folk ser at dette er Christian si bok. Eg trur det er plass til oss begge i barnelitteraturverda, seier den ferske forfattaren, som ikkje er i tvil om at han vil halde fram å skrive.

I likhet med bokormen Anna (10) håpar han at det vil bli fleire bøker etterkvart.